



SPAR-eigarane Gunn Mari Moberg, Bente Nilsen og Kjersti Børve er "høgt oppe" etter at butikken fekk høgast score av 330 butikkar. (Foto: Frøydis Nilsen)

Kundene til SPAR i Uskedalen er så fornøgte med servicen i butikken sin at dei har gjeve han toppscore i ei spørjeundersøking i mars 2008. Det betyr at butikken på Sanden toppar lista over alle 330 SPAR-butikkane i heile landet.

- Eg er utruleg stolt av dei 16 tilsette. Vi kom opp i ein score på 5,92 medan toppen var 6. Under ei tilsvarande undersøking i fjor nådde vi 5,88 og var "best i vest". No er vi altså best i landet. Det er tett konkurranse og små marginar og vi har hatt dei på vår side. Min første kommentar til dette fantastiske resultatet er at eg er audmjuk, seier dagleg leiar Bente Nilsen til uskedalen.no.

158 av kundene var med i undersøkinga denne vinteren og 60 svara. Det er 38 prosent og må reknast som ein god svarprosent ettersom prosenten var 26 i landet og 28 i vest.. Dei aller fleste av dei som vart spurte er heimehøyrande i Uskedalen.

- At det er kundene som gjer oss denne attesten er det viktigaste for oss. Vår målsetting er jo heile tida at kundane skal stå i sentrum, Det er det første vi strekar under for dei tilsette og dei tek altså til seg denne oppmodinga og praktiserer han utan unnatak. Ein kunde sa til meg: Det er fantastisk at alle her er like blide og har den same haldninga til begrepet service. Vi har ikkje hatt ei einaste negativ tilbakemelding på dette punktet, seier Bente.

Undersøkinga fortel ellers at butikken også har forbetra seg på dei aller fleste andre punkt, men målsettinga er å bli enda betre!

Naturleg nok skal topp-noteringa feirast saman med kundane og det skjer laurdag utanfor butikken. Då blir det gratis is til alle born, kaffe og kaker til dei vaksne og underhaldning av lokaltrubadurane Michael Røssland og Bjørnar Eik – den siste inngår i SPAR-staben. Det blir også quiz med flotte premiar.

Av Ola Matti Mathisen



14 av dei 16 tilsette er glade for topp-noteringa. No er dei ikkje berre best i vest, men best i landet på service. (Foto: Frøydis Nilsen)